



NVE

Grunngjeving for vedtak  
Endringar i nettilknyting for Offerdal  
kraftverk

Årdal kommune i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Tiltakshavar	Sygnir AS
Referanse	202515816-4
Dato	11.03.2026
Ansvarleg	Ingrid Myrtveit
Behandlar	Eilif Brodtkorb/Benedikte Øyen

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*



## 1 Samandrag

### 1.1 Kva søker Sygnir AS om?

Sygnir AS (heretter omtalt Sygnir) søker om ein fornya og justert anleggskonsesjon for nettilknytninga frå Offerdal kraftverk og over Årdalsfjorden til Naddvik kraftstasjon. Sygnir søker også om løyve til ekspropriasjon i samband med jordkabeltraséen.

### 1.2 Kva meiner høyringspartane om tiltaket?

Ingen høyringspartar er imot tiltak.

**Årdal kommune** er positive til søkte om planendring

**Statnett** gjer merksam på at det må være tilgjengeleg spolekapasitet i 132 kV-nettet der kabelen skal koplast til, at kabelen bør planleggast slik at den er tilrettelagt for en mogleg endring av systemjording i nær framtid og at det bør gjennomførast en reaktiv analyse når det planleggast å bygge en lengre kabel.

**Statsforvaltaren i Vestland** skriv ny sjøkabeltrasé truleg ikkje føre til så omfattande endringar i høve til dei konsesjonsgitte tiltaka, at endringa vil føre til vesentleg auka konflikt med planlagd Sognefjorden marine verneområde. Dei stiller spørsmål knytt til kunnskapsgrunnlaget.

**Kystverket** gjer merksam på at sjøkabelen kryssar den aktuelle hovudleia, og at tiltaket er søknadspliktig etter hamne- og farvasslova.

**Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Georg Huetinck og Hans Ragnar Skogli** hadde ikkje innspel til nettilknytninga.

### 1.3 Kva gir NVE løyve til?

NVE gir Sygnir løyve til å endre nettilknytninga for Offerdal kraftverk, i tråd med planane. NVE gir og løyve til ekspropriasjon av grunn og rettigheter til legging av jordkabel. NVE oppdaterar anleggskonsesjonen frå 21.5.2021.

### 1.4 Kvifor gir NVE løyve?

Endringane gir etter NVE sitt syn i hovudsak marginale endra verknader samanlikna med løysingane Sygnir har løyve til. Samla lengde på kabelen blir litt redusert. Sjøkabelen blir kortare, og jordkabelen i veg blir noko lengre. Ei kortare sjøkabel vil i mindre grad enn konsesjonsgjeve løysing påverke marint liv i Årdalsfjorden. Løysinga vil betre økonomien i prosjektet og auke sjansen for realisering. NVE meiner at endringa Sygnir søker om er betre enn den konsesjonsgjevne, og kan ikkje sjå at denne endringa i kabelløysinga vil gi vesentleg negative verknader i dette området. Planendringa er nødvendig for å få byggje Offerdal kraftverk, med ein produksjon på 95 GWh/år.

### 1.5 Kva vilkår har NVE sett for å redusere negative verknader?

Det skal utarbeidast ein detaljplan som skal godkjennast av NVE før anleggsstart.

Om utlegging av kabel skjer i tidsrommet for brislingfiske frå august til desember, skal Sygnir ha dialog med aktuelle fiskeriinteresser for brislingfisket.



Sygnir skal nytte ROV under kabellegginga, for å kunne gå utanom førekomstar av sårbare eller trua artar.



## Innhold

1	SAMANDRAG .....	1
2	ENDRINGSSØKNADEN .....	4
3	NVE SI HANDSAMING AV ENDRINGSSØKNADEN .....	5
4	NVE SI VURDERING AV ENDRINGSSØKNADEN .....	6
5	NVE SI KONKLUSJON .....	11
6	NVE SI VURDERING AV SØKNAD OM EKSPROPRIASJON .....	11



## 2 Endringsøknaden

### 2.1 Omsøkte endringer

Sygnir søker om følgjande endringar:

- Ein ca. 6,7 km lang kraftoverføring frå transformatorstasjon i Indre Offerdal til Nadddevik kraftstasjon med nominell spenning 132 kV, beståande av
  - Ca. 500 m kabel i avløpstunnelen til Nedre Offerdal kraftverk
  - Ein ca. 2,2 km lang sjøkabel frå transformatorstasjon i Indre Offerdal over Årdalsfjorden til Klovningane.
  - Ein ca. 4 km lang jordkabel frå ilandføring av sjøkabel ved Klovningane og til Naddvik koplingsstasjon, lagt i grøft langs fv 53. Frå fv 53 til Naddvik koplingsstasjon skal kabelen leggjast på vestsida av tilkøyringsvegen til stasjonen.
- I transformatorstasjon i fjellhall i Indre Offerdal: eit 132 kV brytarfelt og nødvendige høgspenningsanlegg
- I Nadddevik koplingsstasjon: eit utandørs 132 kV koplingsanlegg og nødvendige høgspenningsanlegg
- Ekspropriasjonsløyve etter endra trasé

Denne søknaden omfattar ei endring av tiltak i anleggskonsesjon av 21.5.2021 (NVE ref. 202010336-2 nr.10., nr.11 og nr.14.). Frist for ikraftsetjing av tiltaka vart endra til 10.2.2032 i NVE-vedtak av 23.2.2023 (NVE ref. 202010336-18.)

Det er ei samtidig søkt endring etter vassdragsreguleringslova og vassressurslova for Offerdal kraftverk, der trasé for utløpstunnel fell saman med trasé for nettilknytninga.

### 2.2 Historikken i saka

Offerdal kraftverk AS fekk ved kgl. res. av 10.2.2017 konsesjon til bygging av Øvre og Nedre Offerdal kraftverk. Anleggskonsesjon vart gjeve 9.4.2018. Delane av anleggskonsesjonen som omfattar nettilknytning frå Offerdal kraftverk, over Årdalsfjorden og til Naddvik koplingsstasjon vart overteken av Sygnir den 21.5.2021.

NVE har fått søknader frå Offerdal Kraftverk (1.8.2025) og Sygnir (18.7.2025) om endring av forutsetningane gjeve i vassdrags- og energikonsesjonane for Offerdal kraftverk. Endringane er naudsynte for å få til eit realiserbart prosjekt.

Søknaden frå Sygnir den 18. juli 2025 gjeld løyve til planendring etter energilova § 3-1, og nytt løyve til ekspropriasjon etter oreigningslova § 2 nr. 19. Endringane gjeld anleggskonsesjonen datert 21.5.2021. Endringane er i hovudsak at kryssing av Årdalsfjorden med sjøkabel vert kortare, og vidare trasé fram til Naddvik koplingsstasjon med jordkabel vert tilsvarande lang.

NVE har gjennomført ei samtidig og koordinert behandling av søknaden om planendring for Offerdal Kraftverk og endringane for nettilknytning av kraftverket. NVE viser til vurderingar av endringane for kraftverket i «Bakgrunn for vedtak», NVE 202514643-29. I det fylgjande vurderast søknad om endra nettilknytning frå Sygnir.



### 3 NVE si handsaming av endringsøknaden

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Søknad om planendring og ekspropriasjon har vore send på høyring til alle partar som gav uttale til den opphavlege konsesjonssøknaden. Høyringfråsegnene har vore presenterte for søkjaren for kommentarar.

I det følgjande sumerar vi opp innhald i høyringfråsegna med merknader knytte til dei ynskja endringane i nettilknytninga. Alle høyringfråsegna knytt til Offerdal kraftverk ligg tilgjengeleg i si heilheit på: [www.nve.no/9716/v](http://www.nve.no/9716/v)

#### 3.1 Innkomne merknader

**Årdal kommune** uttalte i brev av 18.9.2025 at dei er positive til søkte om planendring. Dei har ingen merknader til verken dei tekniske endringane for nettilknytninga via jord- og sjøkablar, eller endra trasé for kraftoverføringa.

**Statsforvaltaren i Vestland** har fylgjande merknader om nettilknytninga i brev av 19.9.2025:

«(...)

*Planendringa vil redusere sjøkabelstrekninga i høve til det som er avklart i anleggskonsesjonen. Det er gjennomført ei kartlegging med undervassdrone (ROV) i år, der nye ilandføringsområde og enkeltdelar av sjøbotnen er filma. Kabelen skal leggjast gjennom eit område med den sårbare/trua naturtypen «sjøfjør og gravande megafauna». Konsekvensvurderinga i søknaden er at inngrepa vil bli avgrensa, sidan kabelen skal leggjast på botnen, og anleggseffekten vil vere lokal og kortvarig. Samla sett er det vurdert at «planendringane blir rekna for å vere ubetydelege til noko positive samanlikna opp mot førre planendringssøknad og tilhøyrande konsesjon.*

(...)

*Vi legg til grunn at det blir stilt krav om bruk av ROV under kabellegginga, for å kunne gå utanom førekomstar av sårbare eller trua artar. Filmen frå undersøkinga bør stillast til rådvelde, både for evaluering av kabellegginga, og for å få ytterlegare kunnskap om artsmiljøet på fjordstrekninga.*

(...)

*Ut frå det sparsame kunnskapsgrunnlaget om det marine miljøet ved Offerdal, vil flyttinga av kraftverksavløpet og ny sjøkabeltrasé truleg ikkje føre til så omfattande endringar i høve til dei konsesjonsgitte tiltaka, at endringa vil føre til vesentleg auka konflikt med planlagd Sognefjorden marine verneområde»*

**Statnett** uttalte i brev i brev av 19.9.2025 at Offerdal kraftverk har fått reservere kapasitet i transmisjonsnettet. Statnett påpeikar vidare at det er viktig at det er tilgjengeleg spolekapasitet i 132 kV-nettet der kabelen er tenkt kopla til. Det bør leggjast til rette for at kabelen er planlagd for ei ev. endring av systemjording i nær framtid. Det bør også gjerast ein reaktiv analyse når det blir planlagt å byggje ein lengre kabel. Statnett påpeikar ansvaret til konsesjonæren for å avklare anleggas funksjonalitetsegenskapar i god tid før planlagd oppstart.

**Kystverket** uttalar i brev av 18.8.2025 m.a. følgjande:



«(...) Kystverket syner til Endringssøknad tilknytning Offerdal kraftverk, dykkar referanse 201503528-122, og svaret vårt den 5.1.2018 (vedlagd, referansen vår 2012/859-8). Søkt om sjøleidning frå Offerdal til Klovning kryssar hovudlei «Holmengrå- Årdalstangen» med farleisnummer 1110. Det er Kystverket som skal handsame søknad om tiltaket etter hamne- og farvasslova §14 om tiltak i hovud- og bilei. Søknaden blir send til Kystverket.»

**Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen**, Georg Huetinck og Hans Ragnar Skogli hadde uttalar til Offerdal kraftverk, men om andre forhold enn nettilknytninga.

**Soknekraft** (eigar av Offerdal kraftverk) kommenterte dei innkommande fråsegna i brev til NVE den 6.10.2025. Kommentaranane relatert til nettilknytninga er gjæve att nedanfor. Alle kommentaranane ligg tilgjengeleg på saka si nettside.

#### Om nettilknytning og kapasitet

«Prosjektet har god dialog med Statnett/Hydro/Linja AS og Østfold Energi om spolekapasitet på 132-kV nettet, men mål om å vareta dette i samråd med dei andre aktørane. Vi vil òg sørge for å få utarbeidd ein reaktiv analyse for det nye kabelalternativet, og ellast sørge for at Statnett sine tilrådingar vert følgt opp i samband med detaljprosjekteringa og bygginga av nettanlegget.»

#### Om sjøkabel

«Soknekraft er klar over at sjøkabelen kryssar den aktuelle hovudleia, og at tiltaket er søknadspliktig etter hamne- og farvasslova, og vil sørge for at søknaden blir send over til Kystverket så fort detaljplanen for anlegget er klar og i god tid før anleggsarbeidet startar opp. Når det gjeld Kystverket sitt ønske om parallellføring med eksisterande sjøkabel, vil vi påpeike at vi i planendringssøknaden har gått vekk frå denne løysinga som følgje av at den inneber ein vesentleg lengre sjøkabel og ein mykje høgare utbyggingskostnad. I tillegg vil ein kortare sjøkabel naturleg endå vil innebere mindre konsekvensar for det marine miljøet. Vi kan difor ikkje imøtekome denne tilrådinga, og ber òg NVE om å gjere det same.»

## **4 NVE si vurdering av endringssøknaden**

Anlegget er påkravd for å kunne realisere Offerdal kraftverk. Den samla vurderinga av fordelane og ulempene av nettilknytninga er tidlegare gjorde i samband med kongeleg resolusjon i 2017, der nettilknytninga vart konsesjonsgitt som luftleidning med fjordspenn. Fordelen ved å endre frå luftspenn til sjøkabel og jordkabel er tidlegare vurdert av NVE i vedtak om anleggskonsesjon i 2018. Vi viser til «NVEs innstilling til Olje- og energidepartementet av 29. april 2016» og «NVEs Bakgrunn for vedtak av 9. april 2018» for ytterlegare informasjon om vurderingar av nettspørsmålet.

I dette kapittelet vil vi gjere greie for vår vurdering av dei søkte endringane og innkomne merknader.

### **4.1 Endra kabeltrasear**

Sygnir har tidlegare fått konsesjon til ei ca. 5 km sjøkabel og ca. 2 km jordkabel fram til Naddvik kraftstasjon. Sidan 2018 er kostnader for sjøkabel mangedobla og det er hovudgrunnen til at det no søkjast om ein kortare sjøkabel (ca. 2,2 km) og lengre jordkabel (ca. 4 km) (Jf. Figur 1). Ifølgje søknaden vil endringa innebere ein kostnadsreduksjon på ca. 50 millionar kroner.

#### *Sjøkabel*



Dei marine inngrepa vil bli reduserte på grunn av ei stuttare kabel. Havbotnen der sjøkabelen no er planlagt er undersøkt med ROV. Fagutgreiinga konkluderer med at tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens. Samandraget av fagutgreiinga er referert i sin heilskap:

*«Konsekvensane av planendingane blir rekna for å vere ubetydelege til noko positive samanlikna opp mot førre planendringssøknad og tilhøyrande konsesjon. Dette følgjer av at lengda på sjøkabelen vil vere vesentleg kortare, så mindre havbotn vil bli påverka. Kartlegginga frå 2025 viser at naturtypen på botnen av Årdalsfjorden der sjøkabelen er planlagt er den sårbare / trua naturtypen «sjøfjør og gravande megafauna». Då sjøkabelen blir lagd oppå havbotnen vil inngrepet vere svært avgrensa, og uttalen frå Havforskningsinstituttet blir rekna for å vere gjelda, altså at påverknaden av tiltaket vil vere avgrensa og forstyrningar som følgje av nedlegging vil vere lokal og kortvarig. Med tanke på ilandføringspunkta er områda frå 15 meters djup og oppover sterkt påverka av eutrofiering (gjengroing), og det er lite sannsynleg at utløpstunnel for sjøkabel vil forverre tilstanden. Frå 17 meter og ned til 200 meters djup er det for det meste hardbotn, med innslag av grus/sand nokre stader. Då sjøkabelen også vil fungere som substrat for artar tilpassa hardbotn, blir tiltaket rekna å ha ubetydeleg konsekvens.»*

Kraftleidninga har allereie konsesjon og ei kortare sjøkabel vil påverke det marine området i mindre grad enn konsesjonsgjeve løysing. Planane om marint vern i Årdalsfjorden blir derfor ikkje rekna å vere til hinder for tiltaket. NVE registrerer at planlagd trasé for sjøkabel er undersøkt med ROV, men meiner som statsforvaltaren at det må brukast ROV under kabellegginga, for å i størst mogleg grad kunne gå utanom førekomstar av sårbare eller trua artar.

Mogleg påverking på brislingfisket, som vart peika på ved tidlegare planendingar, er truleg i mindre grad gjeldande no ettersom avstand til låssetjingsplass i Naddvik blir auka med 2 km. Ein mykje kortare sjøkabel saman med avgrensa anleggstid vil òg redusere ev. konflikt med fisket. Sjølv om ein vil vente mindre eller ingen konflikt med fisket, meiner NVE at Sygnir må ha dialog med aktuelle fiskeriinteresser for brislingfisket om arbeidet med utlegging av kabel skal skje i tidsrommet for brislingfiske frå august til desember.



**Figur 1.** Konsesjonsgitt trasé vist med sort stipla strek, søkt om trasé er vist med heiltrekt svart strek. (fig 2.1 i planendringssøknaden)



### *Jordkabel*

Gjeldande konsesjon inneber jordkabel på austsida av Vikedalsvegen. Den nye strekninga med jordkabel går i sin heilskap på vestsida og parallelt med fv 53. Ein unngår då den meir konfliktfylte traseen frå landstaket ved Vikhamnen forbi fleire gardsbruk opp til fv 53 (jf. figur 2).

Murar og skjeringar langs fylkesvegen er i utgangspunktet ikkje planlagd ramma, og ved eventuelt behov for meir plass enn det er på utsida av desse er gravearbeid planlagt i fylkesvegen med etterfølgjande istandsetjing.


Planendringane medfører i liten grad synlege endringar i landskapet i Naddvik. Ifølgje søknaden er konsekvensane av planendringa for landskap ubetydelege til positive fordi ilandføring skjer i eit område med større avstand til busetnad og alminneleg ferdsel enn ved tidlegare lokasjon. Løysinga det er søkt om vil medføre at eit mellombels beslag på eit jordbruksområde på ca. 4 daa går ut.

Ifølgje søknaden vil steinsprang kunne nå nedgraven høgspentkabel med stor kraft, som potensielt kan føre til skadar på straumkabelen. Den nedgravne kabelen må derfor sikrast med tilstrekkeleg overdeking og vern for å unngå skadar frå naturfare og ytre påkjenningar.

Traseen for jordkabelen er vurdert etter NVE si rettleier 1/2019 «Tryggleik mot kvikkleireskred». Tiltaket er plassert i tiltakskategori K1 primært fordi ein skade på kabelen i liten grad er ein samfunnsrisiko. Krav til tryggleik er at tiltaket ikkje forverrar stabiliteten. Ei kabelgrøft kan detaljprosjekterast slik at ho ikkje påverkar områdestabiliteten. Eventuell utfyllingar eller terrenghevingar må vurderast lokalt i detaljprosjekteringa.

Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for den naturlege evna området har til å dempe verknader av forventa klimaendringar.

Tiltaket er ifølgje søknaden i utgangspunktet av mindre betydning for naturmangfaldet. Det er gjennomført ei NiN-kartlegging etter Miljødirektoratets instruks. Det ble ikkje registrert nye naturtypar. Det er tidlegare registrert ein førekomst av fattig slåtteeeng med B-verdi på oppsida (sør-vestsida) av veggen i Naddvik. Naturtypen har avgrensingar mot eksisterande murar. Jordkabeltraseen på innsida av fv 53 vil i utgangspunktet leggest utanfor eksisterande murer og skjeringar, og ved behov vil nødvendig areal for tilrettelegging tas frå fv 53 med påfølgjande istandsetting av denne. Naturtypen vil såleis ikkje bli ramma.



**Figur 2.** Konesjonsgitt trasé er vist med svart, stipla strek, og søkte endringar med heiltrekt, svart strek. (fig 2.2 i planendringssøknaden)

## 4.2 Vurdering av prinsippa i naturmangfaldlova

I samsvar med naturmangfaldlova § 7 pliktar NVE å leggje til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 når det skal vurderast om det skal givast konsesjon til eit tiltak eller ikkje.

### 4.2.1 Kunnskapsgrunnlaget, § 8

Naturmangfaldlova § 8 første ledd krev at vedtak som rører ved naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal byggje på vitskapleg kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologisk tilstand, og effekten av påverkingar. Kunnskapsgrunnlaget har bestått av tidlegare utgreiingar for Offerdal kraftverk, naturtypekartlegging og beskrivingar i Sygnir si endringssøknad, høyringsfråsegner og søk i offentlege databasar.

Område som kan få ein miljøpåverknad som følgje av planendringane er synfaren og vurdert av Multiconsult med påkravd og formålstenleg fagkompetanse. Vurderingane er baserte på metodikken i M1941, Miljødirektoratets rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø.

I lys av dei avgrensa endringane Sygnir søker om, vurderer NVE at den samla dokumentasjonen gir tilstrekkeleg grunnlag for å drøfte og vurdere effekten av endringane, i samsvar med kravet i naturmangfaldlova § 8.

NVE meiner at kunnskapsgrunnlag er godt nok til å kunne ta stilling til konsesjonsspørsmålet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er tilstrekkeleg, jamfør naturmangfaldlova § 8.



#### 4.2.2 Føre-var-prinsippet, § 9

NVE meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, jf. våre vurderingar i kap. 4.2.1. NVE meiner derfor at føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, ikkje kjem til bruk i denne saka.

#### 4.2.3 Samla belastning i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova, § 10

I samsvar med naturmangfaldlova § 10 skal påverknaden av eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet er eller vil bli påverka av. Endringane Sygnir har søkt om, vil i all hovudsak har små eller ubetydelege verknader for naturmangfaldet. Det er derfor ikkje forventa at inngrepet får vesentlege verknader for spesielle naturtypar eller artar, som kan forsterke samla belastning på naturtypar eller artar av andre eksisterande eller planlagde tiltak.

#### 4.2.4 Kostnadene ved miljødegradering, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, §§ 11 og 12

Naturmangfaldlova § 11 tilseier at tiltakshavar skal bere kostnadene ved miljødegradering. NVE har høve til å leggje føringar i konsesjonar for mildnande tiltak som reduserer verknader for naturmangfaldet. I naturmangfaldlova § 12 står det at skadar på naturmangfaldet skal unngåast ved bruk av driftsmetodar, teknikk og lokalisering som ut frå ei samla vurdering gir dei beste samfunnsmessige resultat. Det er i opphavleg konsesjon sett vilkår om at Sygnir skal utarbeide ein detaljplan, der dei mellom anna skal beskrive korleis landskap og miljø skal varetakast i anleggs- og driftsfasen. Vi viser til krav om mildnande tiltak og vilkår i kapittel 5. På bakgrunn av dette meiner NVE at naturmangfaldlova §§ 11 og 12 er vareteken.

### 4.3 Verknader for vassdrag

Kabeltraseen vil fleire stader krysse bekkeløp. Endringane vil være av mindre betydning for ramma bekkar. Ingen av bekkene har årsikker vassføring og vurderast derfor som ueigna for fisk. Det er ikkje mogleg for fisk å vandre opp og forbi fv 53. Verdi av bekkene og konsekvens av inngrep i bekkene oppstrøms veggen vurderast som ubetydeleg.

NVE vurderer planane slik dei er framlagd til ikkje å krevje behandling etter føresegnene i vassressurslova.

### 4.4 Forholdet til annet lovverk

Tiltaket må avklarast mot veglova (kryssing og nærføring, arbeid ved og på veg mv.), havne- og farvannsloven (kryssing av farled) og lakse- og innlandsfiskeloven (kryssing av bekkar). Grad av berøring og detaljert søknadsbehov vil framkomme etter detaljprosjektering. Innvilga søknader etter særlov så langt må oppdaterast med ny trasé.

### 4.5 Oppsummering

Etter ei samla vurdering, meiner NVE at Sygnir bør få konsesjon til dei endringane dei har søkt om. Endringane gir etter NVE sitt syn i hovudsak marginale endra verknader samanlikna med løysningane dei har konsesjon til. Samla lengde på kabelen blir litt redusert samanlikna med løysinga som har konsesjon i dag. Sjøkabelen blir kortare, og jordkabelen i veg blir noko lengre. Ei kortare sjøkabel vil i mindre grad enn konsesjonsgjeve løysing påverke marint liv i Årdalsfjorden. Løysinga vil betre økonomien i prosjektet og auke sjansen for realisering. NVE meiner at endringa Sygnir søker om er betre enn den konsesjonsgjevne, og kan ikkje sjå at denne endringa i kabelløysinga vil gi vesentleg negative verknader i dette området.

NVE vil stille krav om detaljplan og avbøtande tiltak.



## 5 NVE si konklusjon

NVE vurderer at fordelane med tiltaket er større enn ulempene. I medhald av energilova gir NVE Sygnir as løyve til å endre tiltak i anleggskonsesjon av 21.5.2021 (NVE ref. 202010336-2, pkt. 10., pkt. 11 og pkt. 14.) Tiltaka det gjeld er:

- Ein ca. 6,7 km lang kraftoverføring frå transformatorstasjon i Indre Offerdal til Naddevik kraftstasjon med nominell spenning 132 kV, beståande av
  - Ca. 500 m kabel i avløpstunnelen til Nedre Offerdal kraftverk
  - Ein ca. 2,2 km lang sjøkabel frå transformatorstasjon i Indre Offerdal over Årdalsfjorden til Klovningane.
  - Ein ca. 4 km lang jordkabel frå ilandføring av sjøkabel ved Klovningane og til Naddvik koplingsstasjon, lagt i grøft langs fv 53. Frå fv 53 til Naddvik koplingsstasjon skal kabelen leggjast på vestsida av tilkøyringsvegen til stasjonen.
- I transformatorstasjon i fjellhall i Indre Offerdal: eit 132 brytarfelt og nødvendige høgspenningsanlegg
- I Naddevik koplingsstasjon: eit utandørs 132 kV koplingsanlegg og nødvendige høgspenningsanlegg

Konsesjonen blir gitt med følgjande vilkår:

- Det skal utarbeidast ein detaljplan som skal godkjennast av NVE før anleggsstart.
- Sygnir skal ha dialog med aktuelle fiskeriinteressene for brislingfisket om arbeidet med utlegging av kabel skal skje i tidsrommet for brislingfiske frå august til desember.
- Sygnir skal nytte ROV under kabellegginga, for å kunne gå utanom førekomstar av sårbare eller trua artar.
- Jordkabel må sikrast med tilstrekkeleg overdekking og vern for å unngå skadar frå steinsprang og ras. Tiltaket er plassert i tiltakskategori K1 i samsvar med NVE-retteleiar 1/2019. Vi viser til gjeldande føringar for tiltak i denne kategorien.

Anleggskonsesjon av 21.5.2021 gjeng ut og blir erstatta av ein oppdatert versjon gitt i dag, NVE-ref. 202515816-4. Frist for ikraftsetjing blir vidareført uendra (frist 10.2.2032) og er i tråd med NVE sitt vedtak av 23.2.2023.

## 6 NVE si vurdering av søknad om ekspropriasjon

Ekspropriasjon inneber at ein grunneigar/rettshavar må gje frå seg eigedomsrettar eller andre rettigheter utan å godta dette frivillig, mot at det i ei påfølgande skjønnsak blir fastset ei erstatning. Dette vil skje dersom grunneigar/rettshavar og søkjar ikkje lykkast i å forhandle seg fram til minnelege avtaler. NVE legg til grunn at tiltakshavar prøver å komme fram til minnelege ordningar med råka grunneigarar og rettshavarar jf. oreigningslova § 12.

### 6.1 Heimel

Sygnir AS har i medhald av oreigningslova § 2 nr. 19 søkt om løyve til å gjennomføre ekspropriasjon av nødvendig grunn og rettar for å byggje og drive dei beskrivne elektriske anlegga. Oreigningslova



§ 2 nr. 19 gir heimel til å ekspropriere «så langt det trengst til eller for (...) varmekraftverk, vindkraftverk, kraftlinjer, transformatorstasjonar og andre elektriske anlegg.» Føresegna gir NVE heimel til å samtykkje til ekspropriasjon av eigedomsrett eller bruksrettar av dei søkte anlegg.

## 6.2 Omfang av søknaden

Etter søknad 31.8.2017 om endring av nettilknytninga i luftledning med fjordspenn, innvilga NVE 9.4.2018 anleggskonsesjon for ei endra nettilknytning med ca. 5 km sjøkabel og ca. 2 km jordkabel fram til Naddvik kraftstasjon. Det vart også gitt ekspropriasjonsløyve. Sygnir fremja skjønnsaker for nettilknytninga etter traseen fastsett i 2018, men denne skjønnsaka er utsett i påvente av traséendringar som det no er søkt om.

Grunneigarane har vorte opplyste om at det blir søkt om ny trasé og om nytt løyve til ekspropriasjon etter endra trasé. Seks grunneigarar blir ramma av tiltaka dersom NVE gir løyve. Vestland fylkeskommune, som eiger av areala inn mot fv 53, vil i større grad bli påverka av endringane enn dei andre.

Søknaden gjeld ekspropriasjon til naudsynte rettigheter i samband med ei jordkabel på om lag 4 km fram til Naddvik kraftstasjon (jf. fig. 2) som rører ved følgjande (jf. e-post 29.10.2025):

Gardsnr	Bruksnummer
2	6
2	5
2	7
2	7
2	1
2	30

## 6.3 Interesseavveging

Samtykke til ekspropriasjon kan berre givast etter at det er gjennomført ei interesseavveging etter oreigningslova § 2 anna ledd: «Vedtak eller samtykke kan ikkje gjerast eller gjevast utan at det må reknast med at inngrepet tvillaust er meir til gagn enn skade.» Dette inneber at alle skadar og ulemper dei søkte tiltaka medfører, skal vegast mot den nytta som blir nådd med ekspropriasjonen.

### 6.3.1 Vurdering av verknadar av nettilknytninga for Offerdal kraftverk

Sygnir treng å erverve rettigheter for få etablert deler av nettilknytninga for Offerdal kraftverk. Dersom dei ikkje klarar å kome til minnelege avtalar med alle råka grunneigarar og rettshavarar, vil det vere naudsynt med løyve til ekspropriasjon. Erstatning for grunneigarar og rettshavarar sine økonomiske tap vil då bli fastset gjennom rettsleg skjønnsaker.



NVE viser til våre vurderingar av planendringa i kapittel 4, og dessutan vurderingar av fordelar og ulemper av Offerdal kraftverk i kgl. res. av 10.2.2017. Ved å gje konsesjon er det funne at fordelane ved tiltaket overstig skadar og ulemper som utbygginga vil føre med seg.

### 6.3.2 *Vurdering av om inngrepet utan tvil er meir til gagn enn skade*

Interesseavveginga i denne saka inneber at omsynet til samfunnet sine interesse i utbygging av rundt 95 GWh/år fornybar kraft, vegast mot omsynet til dei grunneigarane eller rettshavarane som blir råka, og til andre allmenne interesser knytt til miljø i vid forstand, sjå kapittel 4. NVE merkar seg at ingen av høyringspartane kommenterte søknaden om ekspropriasjon.

NVE meiner at dei samfunnsmessige fordelane ved tiltaket veg tyngre enn omsynet til kvar enkelt grunneigar eller rettshavar. NVE har etter ei samla vurdering funnen at dei samfunnsmessige fordelane ved Offerdal kraftverk utan tvil er større enn skadar og ulemper som påførast andre.

## **6.4 NVE si konklusjon om søknad til ekspropriasjon**

I medhald av oreigningslova § 2 andre ledd, jf. § 2 nr. 19 gis Sygnir AS samtykke til å ekspropriere bruksrett naudsynt for å bygge, eie og drive elektriske ledningsanlegg mellom Nedre Offerdal kraftverk og Naddevik kraftstasjon. NVE viser til vedtak om samtykke til ekspropriasjon, ref. NVE 202515816-4.

NVE gjer samstundes oppmerksom på at ekspropriasjonsløyvet fell vekk dersom det ikkje er sett fram krav om skjønn innan eitt år frå endeleg vedtak, jf. oreigningslova § 16.

NVE føreset at Sygnir freistar å kome fram til minnelege ordningar med grunneigarar og rettshavarar som vert råka. Dersom dette ikkje er mogleg, skal kvar enkelt grunneigar kompensert gjennom skjønn.